

## A V T A L E

=====

Mellom Staten v/ Forsvarsdepartementet og Voss kommune er inngått slik avtale:

- A.
1. Kommunen får rett til å nytta Aust-Vest-banen på Bømoen flyplass, gnr. 92, bnr. 5, til sivil luftfart. (sjå vedl. kart).
  2. Kommunen får bruksrett til eit nærare avgrensa areal av Forsvaret sin eigedom på nordsida av ovannemnde flystripe. (sjå vedlagde kart.)
  3. Kommunen får rett til, sjølv eller ved tredjemann, å føra opp bygningar og andre installasjonar til luftføremål på dette arealet. Slike anlegg skal godkjennast av Forsvaret.

Kopiar av avtalar o.l. med tredjemann om bruk av flyplassen skal sendast Forsvaret til orientering.

4. Kommunen får rett til å leggja ny tilkomstveg til lufthamna over Staten sin eigedom og etter trasé slik det er vist på vedlagde kart.

Den nye tilkomstvegen skal kommunen byggja så snart råd er og seinast innan 1.1.1975.

Naudsynt hogging av skog for anlegg og drift av flyplassen skal likevel berre skje i samråd med IR 10.

- B.
5. I samheng med ovannemnde rettar skal kommunen på si side
    - stå som ansvarleg konsesjonshavar for flyplassen.
    - dekkja alle utgifter til naudsynte utbetringar og utbyggingar av flyplassen som måtte bli kravde av Luftfartsdirektoratet.
    - gje melding til Forsvaret om særskilde arrangement, så som flystemner o.l.
  6. Kommunen skal i samråd med Forsvaret setja opp gjerde mot Forsvaret sin eigedom på sørsida av ny tilkomstveg på strekninga A-B-C-D slik vedlagt kart viser. Kommunen skal vidare sørgja for forsvarleg inngjerding av trafikkekspedisjonsområdet etter nærare avtale med forsvarret.

Desse gjerda skal stå ferdige samstundes med vegen.
  7. Forsvaret skal på si side gje melding til kommunen om større militære øvingar som medfører omfattande bruk av flyplassen.
  8. Som vanleg for norske flyplassar skal Forsvaret heller ikkje betala flyplassavgift på Bømoen.

9. Forsvaret skal heller ikkje bera noko utgifter til drift og vedlikehald av flyplassen i medhald av konsesjon som er gjeve av Luftfartsdirektoratet.
- C. 10. Som vederlag for ovannemnde rettar skal kommunen gje Staten bruksrett til kommunen sine eigedomar, Kyrkjeteigane, gnr. 340, bnr. 1-2 og deler av Oppheim og Vinje Almenning, gnr. 341, bnr. 3, til militært skyte- og øvingsfelt slik vedlagt kart viser. Staten får rett til å ha faste støtteanlegg og installasjonar på området.
- Utforming og plassering av slike anlegg skal likevel godkjennast av kommunen.
- Det er vidare ein føresetnad at den frie ferdsel til Grindafletene frå Fyrde gjennom Øvsthusdalen alltid skal vera open.
11. Ved utarbeiding av generalplan, vil kommunen medvirka til å leggja ut til militært skyte- og øvingsfelt i Mjølfjellområdet, Kyrkjeteigane og ovannemnde del av Oppheim og Vinje Almenning, samt andre tilsluttande område som Forsvaret ervervar bruksrett til.
12. Kommunen skal syta for at søknad om samtykke til at ovannemnde område blir lagt ut til militært skyte- og øvingsfelt blir sendt kommunale og fylkeskommunale organ.
- Kommunen skal vidare stå for naudsynte drøftingar med aktuelle institusjonar innan naturvern og fri-luftsliv.
13. Denne avtale gjeld i 50 -femti- år og kan fornyast etter nærare avtale mellom partane. Dersom det skulle bli trong for utviding av trafikk-ekspedisjonsområdet på Bømoen, kan det takast opp tingingar om dette i avtaleperioden.
14. Denne avtale kan tinglysast.
15. Denne avtale er skriven i tre eksemplar, der partane har kvar sin.

Voss, 3. nov. 1972

Voss formannskap

Nils L. Mugaas  
-ordfører-



Etter fullmakt

Anker Folkestad  
Ekspedisjonssjef

Oslo, 19 juni 1973

Kjell Garborg  
Byråsjef